



Saksframlegg

Uttale til detaljregulering for Gaupnegrandane. Handsaming i råda

Kommunedirektøren si tilråding:

Eldrerådet / rådet for personar med funksjonsnedsetting / ungdommen sitt kommunestyre har følgjande uttale i høyringssaka om detaljregulering for Gaupnegrandane:

...

Samandrag

Reguleringsplanen er på 3. gongs høyring. Høyringa no omhandlar datasenter, turdrag langs Jostedøla, grøntområde og kommunaltekniske anlegg.

Utval som har vedtaksmynde: Råda kan gje uttale i saka. Plan- og forvaltningsstyret er planutval og kommunestyret gjer endeleg vedtak.

Fakta

Kommunestyret i Luster gjorde i møte 18.06.26 – sak K-45/26, delvis vedtak av detaljreguleringsplan for Gaupnegrandane og det vert med dette gjeve melding om høyring av detaljreguleringsplan for Gaupnegrandane planID 2021005.

1. Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan Gaupnegrandane planID 2021005 med tilhøyrande reguleringsføresegner datert 29.05.2026 med heimel plan- og bygningsloven § 12-12 vedteken, jf vedlegg 1-4 med unntak av KT1 og KT2 og tilgrensande areal innanfor stipla firkant på vedlegg 0-1.
2. Plan- og forvaltningsutvalet vedtek at arealet som no ikkje vert vedteke vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn der bruken av næringsareal og datasenter vert presisert og tydeleggjort betre i plan.

Den delen av planen som skal på høyring nå, omhandlar datasenter, turdrag langs Jostedøla, grøntområde og kommunaltekniske anlegg. Luster kommune har i samråd med Sogn Utvikling AS vorte einige om at industridelen av planen skal leggest ut til nytt offentleg

ettersyn for å ha ein betre prosess rundt etablering av datasenter. Grønnstrukturen opp mot

areal til hundeklubben er også teke med i arealet som skal på nytt offentleg ettersyn, då ein må gjere ei ny vurdering av dette arealet grunna etablering av tekniske installasjonar for straumframføring.

I 2025 trådde ei endring av plan- og bygningsloven inn kor datasenter er spesifisert som eige planføremål, og dette har medført at kommunen i sluttfasa av planen har måtte utgreie meir

om datasenteret. Norconsult har laga eit vedlegg til planomtala som gjev ei fylldig utgreiing av datasenter og tema rundt dette.

Av prosessuelle orsakar har kommunen og Sogn Utvikling AS vurdert det til at det vil vere fornuftig med eit nytt ettersyn med tanke på offentlegheit og nokre praktiske detaljar knytt til planen, ikkje minst med omsyn til bruk av overskotsvarme.

Vurdering

Råda kan velje å gje uttale i saka. Plankart, føresegner, planomtale, ROS-analyse, Plantema for datasenter - saksframlegg følgjer vedlagt.

Det vil bli informert i møtet.